



Det nye styret i Uskedal Utvikling, som hadde konstituerande møte onsdag. Frå venstre sit Anita Ænes, Klara Bakke og Magnhild Haugland (varamedlem). Frå venstre bak står Gunnar Myklebust, Reidar Myklebust, Jan Erik Olsson (varamedlem) og Magne Huglen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det nye styret i Uskedalen Utvikling hadde konstituerande møte onsdag kveld og valde Gunnar Myklebust som ny leiar.**

Jeanette Guddal har vore leiar det siste året, men ho skal flytte frå bygda og trakk seg under årsmøtet.

Anita Ænes vart skrivar medan Reidar Myklebust skal vera kontaktperson til det nye dialogforum som skal samlast og drøfta aktuelle saker ein gong i månaden.

Kasserarfunksjonen skal delast mellom Klara Bakke og Magnhild Haugland (varamedlem til styret). Magne Huglen er styremedlem